

# Notat

**Til:** Kunnskapsdepartementet  
**Fra:** Unit v/ Samordna opptak  
**Kopi:**  
**Dato:** 25.06.2019

---

## **Høyringsnotat - forskrift om endringer i forskrift om opptak til høgre utdanning**

### **INNLEIING**

Forslaga om endringer i forskrifta omfattar:

Kap. 2 Generell studiekompetanse § 2-2

Kap. 3 Unntak frå krav om generell studiekompetanse § 3-8

Kap. 4 Spesielle opptakskrav §§ 4-3, 4-4, 4-8, 4-9, 4-10 og 4-11

Kap. 7 Rangering §§ 7-2, 7-4, 7-5, 7-6 og 7-7

Kap. 9 Overgangsreglar § 9-1

Kunnskapsdepartementet har motteke forslag om endringer i opptaksforskrifta frå 11 instansar innan den fastsette fristen 15. april 2019. Dei fleste forslaga er omtalte i dette høyringsnotatet. Mindre, tekniske endringer, som endringer i namn på studium og liknande, blir ikkje sende på høyring, av di det ikkje er naudsynt, jf. forvaltningsloven § 37 fjerde ledd, bokstav c.

SO legg til grunn at endringer som ikkje påverkar val av fag som elevane gjer i vidaregåande opplæring, kan få verknad frå og med opptak til studieåret 2020-2021. Viss eit forslag skal få verknad frå eit anna studieår, er dette nemnt under desse forslaga.

### **KAPITTEL 2 GENERELL STUDIEKOMPETANSE**

#### **§ 2-2 Utanlandsk utdanning**

Gjeldande rett

Føresegna regulerer korleis søkjarar med utanlandsk utdanningsbakgrunn kan oppnå generell studiekompetanse og kvalifisere seg for opptak til norske universitet eller høgskular. For å oppfylle kravet i norsk kan søkjarar med utanlandsk



utdanningsbakgrunn bestå ein av testane som er lista opp i § 2-2 andre ledd, eller dei kan dokumentere at dei har fullført heile grunnskolen på norsk eller eit anna nordisk språk, jf. tredje ledd. Fjerde ledd fastset korleis søkjarar med vitnemål frå International Baccalaureate (IB) kan oppfylle norskkravet.

### Innspel frå Samordna opptak

Samordna opptak meiner at dei etablerte ordningane har uheldige verknadar som favoriserer søkjarar som vel "rett" og har fleire forslag om endringar i korleis søkjarar med utanlandsk utdanningsbakgrunn kan oppfylle kravet til norsk. Forslaga inneber i all hovudsak ei innstramming av regelverket.

#### *1. Krav om munnleg Bergenstest*

Endringsforslaget gjeld § 2-2 andre ledd, som i dag mellom anna listar opp dei norsktestane som er godkjende. Per i dag gjeld det at søkjarane som har opptaksgrunnlag frå utlandet, må dokumentere kunnskapar i norsk enten ved å ta norsk i vidaregåande opplæring eller ved ein av fleire testar. I dei fleste alternative testane inngår det både munnleg og skriftleg dugleik i norsk, bortsett frå i tredje punkt som omfattar skriftleg test i norsk, høgare nivå (Bergenstesten). SO meiner at det ikkje lenger er nok å berre ta den skriftlege delen av denne testen, men at søkjarane no også må dokumentere bestått munnleg del av Bergenstest for å oppfylle krav om norsk.

SO viser til tilbakemeldingar frå sektoren om at studentar med utanlandsk opptaksgrunnlag som er tatt opp med grunnlag i Bergenstesten, ikkje har naudsyste norskkunnskapar for å fullføre ei utdanning på høgare nivå.

SO meiner det er viktig at søkjarane også kan dokumentere munnlege ferdigheiter i norsk for å kvalifisere til høgare utdanning. I dag kan søkjarar med dårlege munnlege norskkunnskapar omgå kravet ved å ta Bergenstesten i staden for ein av dei andre testane, og slik få opptak til studium som det i fleire høve har vist seg at dei manglar dei naudsyste føresetnadene for å gjennomføre. SO meiner dette ikkje er ei god løysning, og ønskjer difor å innføre eit krav om munnleg Bergenstest i tillegg til den skriftlege.

#### *2. Grunnskole på norsk eller nordisk språk skal ikkje lenger oppfylle norskkravet*

Forslaget inneber ei endring i tredje ledd som gjev norske søkjarar med vidaregåande opplæring frå utlandet ei moglegheit til å dokumentere norskkunnskapar med dokumentasjon frå grunnskolen, viss dei kan dokumentere at dei har gått alle 10 åra i grunnskolen i Noreg. SO foreslår at slike søkjarar ikkje lenger kan oppfylle kravet til norsk med vitnemål frå nordisk grunnskole. Denne moglegheita for å dekke norskkravet er lik for dei nordiske språka, og er omfatta i omtala i dette punktet.

Det er fleire bakgrunnar for endringsforslaget. For det eine erfarer SO at det er vanskeleg for ein del søkjarar å forstå grunngevinga for denne unnataksregelen. Til dømes vil ein søkjar som har gått grunnskolen frå 2. klasse og til og med første året på vidaregåande i Noreg, ikkje få det godkjend av di han ikkje har heile grunnskolen frå



Noreg. Samstundes vil ein søkjar som har 1.- 10 klasse, men ikkje vidaregåande frå Noreg, vere kvalifisert. SO meiner desse verknadane er uheldige, og at det gjer at mange søkjarar opplever regelen som urettferdig.

Det er utfordrande for desse søkjarane å dokumentere at dei fyllar kravet. Søkjarane som skal dekkje kravet i norsk med grunnskole, må dokumentere alle 10 åra. Ungdomstrinnet blir dokumentert med vitnemål for fullført ungdomsskole, men det finst ingen offisiell dokumentasjon for dei fyrste 7 åra. Søkjarane må difor få skolen til å skrive ei stadfesting på elevstatus. Somme har gått på fleire skular og enkelte har problem med å skaffe denne dokumentasjonen innan fristane for opptaket.

SO meiner at det ikkje bør være store problem med å fjerne denne regelen, då det finst mange andre måtar å dokumentere norskkravet på. Det er no ikkje noko problem å få tatt ein av dei mange godkjente språktestane, eventuelt eksamen i norskfaget, nær sagt kvar som helst i landet, òg ved nokre norske ambassadar/konsulat. Endringa vil tre i kraft frå og med opptak til studieåret 2021-2022.

### *3. Norsk B standard level frå International Baccalaureate (IB) oppfyller ikkje lenger norskkravet*

Ifølge § 2-2 fjerde ledd, oppfyller søkjarar med vidaregåande opplæring frå IB norskkravet med anten faget norsk A eller norsk B på minst lågare nivå ("standard level"). Samordna opptak har utarbeidd ein konverteringstabell frå fag på IB til fag i norsk vidaregåande skole, i samarbeid med Utdanningsdirektoratet. I denne tabellen er norsk B på standard level derimot berre likestilt med norsk som andrespråk på Vg2-nivå. Som ein følgje av dette vil ikkje norsk B på standard level lenger vere nok til å fylle norskkravet i føreseigna.

Frå og med opptak til studieåret 2021-2022 må søkjarar med IB difor anten dokumentere norsk B på higher level eller norsk A på standard eller higher level.

## **KAPITTEL 3 UNNTAK FRÅ KRAV OM GENERELL STUDIEKOMPETANSE**

### **§ 3-8 Unntak frå krav om generell studiekompetanse for opptak til studium i nautikk**

Kunnskapsdepartementet har vurdert ein søknad frå Universitetet i Sørøst-Noreg om unntak frå krav om generell studiekompetanse for søkjarar som kan dokumentere relevant fagbrev for opptak til bachelorstudium i marinteknisk drift (Y-vei). Det er foreslått å sidestille dette studiet med bachelorstudium i nautikk som allereie har slikt unntak. Departementet har vurdert søknaden og foreslår å endre § 3-8 slik at den vil omfatte både nautikk og marinteknisk drift.

## **KAPITTEL 4 SPESIELLE OPPTAKSKRAV**

SO viser til at det følgjer av universitets- og høgskoleloven § 3-6 at

Kunnskapsdepartementet kan fastsetje spesielle opptakskrav for studium og fagområde når omsynet til gjennomføring av studiet gjer dette naudsynt. Slike spesielle opptakskrav som kjem i tillegg til krav om generell studiekompetanse, er fastsette i kapittel 4.

#### **§ 4-8 Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram**

##### Gjeldande rett

I § 4-8 er det fastsett spesielle opptakskrav til to engelskspråklege utdanningsprogram. For å vere kvalifisert til dei aktuelle studia, må søkjarane dokumentere karakteren 4 eller betre i fellesfaget engelsk, eller bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande. Dette gjeld i dag til engelskspråklege høgskolekandidatstudium (som no er endra til eit bachelorstudium) ved Menighetsfakultetet vitskaplege høgskole og som ei forsøksordning for opptak til engelskspråklege bachelorprogram ved Noregs miljø- og biovitskaplege universitet..

##### Innspel frå Universitetet i Sørøst-Noreg

*Universitetet i Sørøst-Noreg (USN)* vil akkreditere eit treårig engelskspråkleg bachelorprogram innan International Education som erstatning for fellesgraden International Teacher Education for Primary Schools. I samband med opprettinga av det nye bachelorprogrammet ønskjer dei å innføre karakterkrav i engelsk som eit spesielt opptakskrav. Dei viser til at erfaringane frå det førre studieprogrammet er at ikkje alle studentane har dei ferdigheitene som er naudsynt for å fullføre studiet. Dei ønskjer difor å leggje til engelskspråklege bachelorprogram ved USN i § 4-8. USN ønskjer at endringa gjeld frå opptaksåret 2020-2021.

##### Kommentarar og forslag frå Samordna opptak

SO foreslår endringar i tråd med forslaget frå USN. SO ser at det er viktig at studentar på engelskspråklege utdanningsprogram har tilstrekkelege kunnskapar i engelsk når dei startar på studiet. Dette fører til at det må leggjast til eit nytt ledd i § 4-8. SO foreslår at det nye kravet kan gjelde frå og med opptak til studieåret 2020-2021, då studiet er nyoppretta.

#### **§ 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag**

##### Gjeldande rett

Det er i § 4-10 lista opp enkeltutdanningar ved universitet og høgskular der institusjonane sjølv kan fastsette krav om bestemte ferdigheiter eller arrangere opptaksprøve i tillegg til krav om generell studiekompetanse.

##### Innspel frå Høgskolen Kristiania



Høgskolen Kristiania har søkt om å få nytte opptaksprøve som spesielt opptakskrav for opptak til bachelorstudium i interiørarkitektur.

Høgskolen Kristiania skriv at opptaksprøva mellom anna vil vurdere eigenskapar som kreativitet, designfagleg kvalitet, evne til analytisk og konseptuell tenking, samt form- og fargesans. Høgskolen Kristiania ønskjer difor å legge til bachelorstudium i interiørarkitektur i § 4-9 om spesielle opptakskrav for opptak til enkelte kunstfag, ev. i § 4-10 om spesielle opptakskrav til diverse fag. Dei ønskjer og at desse søkjarane vert rangert på bakgrunn av opptaksprøve og poengsum, jf. § 7-14.

#### Kommentarar og forslag frå Samordna opptak

SO viser til at samanliknbare studium har fått godkjent bruk av opptaksprøve. SO foreslår at Høgskolen Kristiania også får høve til å nytte opptaksprøve for opptak til bachelorstudium i interiørarkitektur. SO meiner at utdanninga bør stå i § 4-10 om opptaksprøver til diverse fag framfor § 4-9 om kunstfag. SO viser til at interiørarkitektur ikkje er eit utprega kunstfag, og at dei fleste andre utdanningane med opptaksprøve ved Høgskolen Kristiania er lista opp i § 4-10. Dette gjev ein betre samanheng i regelverket. SO støttar vidare at søkjarane kan rangerast på bakgrunn av opptaksprøve og poeng med heimel i § 7-14 (1).

### KAPITTEL 7 RANGERING

SO viser til at det følgjer av universitets- og høgskoleloven § 3-7 at Kunnskapsdepartementet kan fastsetje reglar om rangering for opptak til høgare utdanning. Desse reglane følgjer i dag av opptaksforskrifta kapittel 7.

SO foreslår fleire endringar i dette kapittelet, som ikkje omhandlar tilleggspoeng. Forslaga inneber mellom anna endringar i kven som kan poengreknast, samt kven som kan konkurrere i kvote for førstegongsvitnemål. Forslaga gjeld fleire føresegner, og det er også forslag om å omstrukturere nokre av paragrafane. Sjå vedlegget med forslag til utforming av nye føresegner.

#### § 7-2 Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote

##### Gjeldande rett

Kvote for førstegongsvitnemål omfattar søkjarar som har fått førstegongsvitnemål etter normal tid i vidaregåande opplæring, eller som har oppnådd generell studiekompetanse på bakgrunn av vitnemål frå yrkesfag som er fullført og bestått på normal tid. For å konkurrere i kvoten må søkjarane ikkje fylle meir enn 21 år, og dei må oppfylle fagkrava i § 2-1.

Reglane for kven som får førstegongsvitnemål, og kva for karakterar som kan stå på vitnemålet, er fastsett i forskrift til opplæringslova (forskrift til lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa).

### *Matematikk R2*

Etter Utdanningsdirektoratet (Udir) sine retningslinjer for føring av vitnemål og kompetansebevis for vidaregåande opplæring (føringsskriv) kan ikkje Matematikk R2 stå på same vitnemål som Matematikk S1 og S2, av di det etter Udir sine reglar er overlappende fag.

Det følgjer av opptaksforskrifta at det berre er fag som går fram av førstegongsvitnemål som blir tatt med i utrekning av poengsum i kvoten for førstegongsvitnemål. Karakterar som står på eit kompetansebevis, blir ikkje tatt med i denne kvoten. Ein uheldig verknad av dette er at søkjarar som tek både matematikk S1 og S2, og i tillegg R2, ikkje får R2-karakteren på førstegongsvitnemålet sitt, sjølv om søkjaren har tatt faget innanfor dei tre åra han gjekk på vidaregåande (dvs. innanfor normaltida). Søkjaren får då ikkje konkurrere i kvote for førstegongsvitnemål for studium med krav om matematikk R2.

### *Yrkesfagleg vidaregåande opplæring*

Etter dagens reglar kan søkjarar med yrkesfaglege vitnemål, som seinare tek påbygg til generell studiekompetanse, få eit nytt vitnemål der også studiekompetansefaga er påført. På vitnemålet kjem også dei andre faga som søkjaren eventuelt tek i løpet av Vg4 («påbyggingsåret»). Etter føresegna kan søkjaren i dag ikkje få med karakterane frå dei andre faga i kvote for førstegongsvitnemål. I kvoten for førstegongsvitnemål kan søkjaren berre konkurrere med det yrkesfaglege løpet samt studiekompetansefaga.

### *Innspel frå Samordna opptak*

#### *Matematikk R2*

SO foreslår å endre reglane for kven som kan konkurrere i kvote for førstegongsvitnemål. Med eit nytt tredje ledd i § 7-2 vil elevar som tek påbygg til generell studiekompetanse etter å ha fullført og bestått fagopplæring, få høve til å ta andre fag, for eksempel realfag, og kvalifisere for kvote for førstegongsvitnemål.

#### *Yrkesfagleg vidaregåande opplæring*

SO meiner at «påbyggingsåret» bør reknast som eit siste år av desse søkjarane sitt normale vidaregåande løp, og at dei ekstra faga dei tek, og får ført på vitnemålet, bør kunne takast med i poengutrekninga og kvalifiseringa i kvote for førstegongsvitnemål.

### **§ 7-4 Poengberekning av søkjarar med meir enn eitt grunnlag for rangering.**

#### *Gjeldande rett*

I dag skal søkjarar som er kvalifisert både på bakgrunn av fullført og bestått treårig



vidaregåande opplæring og etter 23/5-regelen rangerast på bakgrunn av begge desse grunnlaga, sokalla «dobbeltrangering». I opptaket skal ein nytta den rangeringsmåten der søkjaren får høgst poengsum. Det står også i § 7-1 tredje ledd at det er den kvalifiserande dokumentasjonen som søkjaren skal rangerast ut frå. Det er mange søkjarar som er kvalifisert på fleire andre grunnlag enn 23/5-regelen og treårig vidaregåande opplæring.

#### Innspel frå Samordna opptak

SO viser til forslag om endringar i § 7-5 under. Om SO får høve til å lage omrekningstabellar for fleire kvalifiseringsgrunnlag, som t.d. fullført fagskole, bør også desse søkjarane kunne rangerast på bakgrunn av alle kvalifikasjonsgrunnlaga som kvalifiserer dei til studiet. I dag er det ikkje høve til dette, då § 7-4 berre opnar for å «dobbeltrangere» søkjarane på bakgrunn av treårig vidaregåande opplæring og 23/5-regelen.

#### Kommentarar og forslag frå Unit v/ Samordna opptak

SO viser til at denne endringa berre er naudsynt om føresegna § 7-5 vert endra.

### **§ 7-5 Karakterpoeng for søkjarar med 3-årig vidaregåande opplæring**

#### Gjeldande rett

I dag har Kunnskapsdepartementet gitt SO fullmakt til å utarbeide omrekningstabellar for søkjarar med vidaregåande opplæring frå utlandet. Omrekningstabellane gjev søkjarar med utanlandsk utdanningsbakgrunn høve til å konkurrere med ein poengsum i opptaket. I dag konkurrerer søkjarar som er kvalifisert på bakgrunn av til dømes høgare utdanning eller fagskoleutdanning på bakgrunn av ei individuell skjønnsmessig vurdering.

#### Innspel frå UiO

UiO ønskjer å poengberekne søkjarar som har oppnådd generell studiekompetanse på bakgrunn av fagskoleutdanning og høgare utdanning. UiO ber difor om at departementet gjev Unit v/ Samordna opptak fullmakt til å utarbeide omrekningstabellar også for desse søkjarane.

SO ønskjer at § 7-5 tredje ledd ikkje lenger skal avgrense kva for fullmaktar departementet kan gje til å laga omrekningstabellar. I den samanheng vises det til at stadig fleire søkjarar blir kvalifisert på bakgrunn av eit opptaksgrunnlag som ikkje gjev dei ein poengsum i opptaket. Dette gjer det vanskeleg for søkjarane å vite korleis dei ligg an i søkeprosessen, og gjer det utfordrande å ivareta prinsippet om likehandsaming. Kunnskapsdepartementet har også tidligare uttalt at det er ønskjeleg at flest mogleg får ein poengsum å konkurrere med. På den bakgrunn ønskjer SO å endre § 7-5 tredje ledd til at departementet kan gje fullmakt til å lage

omrekningstabellar, utan å spesifisere at dette berre gjeld ei viss type omrekningstabellar.

#### Kommentarar og forslag frå Samordna opptak

SO viser til at fleire omrekningstabellar også vil gjere sakshandsaminga meir effektivt, då ein ikkje lenger treng å gje søkjarane ei individuell skjønsmessig vurdering, som både er vanskeleg og tidkrevjande å gjere.

### §§ 7-5 og 7-6 Karakterpoeng

#### Gjeldande rett

Det går i dag fram av opptaksforskrifta §§ 7-5 og 7-6 at det for fellesfag berre er karakter(ar) på høgaste nivå som skal inngå i berekninga av karakterpoeng. Grunngevinga for formuleringa er at dette tidlegare var presisert for felles allmenne fag og var framleis, inntil for få år sidan, i samsvar med gjeldande føresegner for karakterføring i Kunnskapsløftet.

#### Innspel frå Samordna opptak

I dag er reglane for karakterføring i Kunnskapsløftet endra slik at det for faga matematikk (224 timar) og naturfag (140) ikkje er korrekt at vi berre skal ta med høgare nivå. Dette har også vore ei utfordring i handsaminga av søkjarar som har dokumentasjon frå handel- og kontorfag og Reform 94. I dag følgjer ein altså ikkje regelverket for desse faga, og tek med karakteren frå lågare nivå, då den karakteren også står på vitnemålet. SO foreslår difor å endre formuleringa om kva for karakterar som skal inngå i grunnlaget for poengrekning. Dette er ei teknisk endring, og vil ikkje føre til ei reell endring i sakshandsaminga.

### § 7-7 Karakterforbetringar

#### Gjeldande rett

I dag kan søkjarar som får utferda førstegongsvitnemål etter to år i vidaregåande opplæring bruke det påfølgjande året til karakterforbetringar og framleis bli vurderte i kvoten for førstegongsvitnemål.

#### Innspel frå Samordna opptak

SO ønskjer at føresegna i opptaksforskrifta § 7-7 (2) strykast. Regelverket for kven som skal få utferda førstegongsvitnemål er fastsett i forskrift til opplæringslova § 3-43. Denne føresegna er altså overflødig ved sida av opplæringsforskrifta § 3-43. Dette er ei teknisk endring, og vil ikkje føre til ei reell endring i sakshandsaminga av denne søkjargruppa. Dei vil framleis kunne ta opp at fag sitt tredje år, og konkurrere i kvoten for førstegongsvitnemål.